



Tingvoll, 24.6.2026

Direktoratet for naturforvaltning
v/ Verneområdestyret for Trollheimen
Postboks 2600
7734 STEINKJER
sftlpost@statsforvalteren.no

Klage på vedtak i sak 68/2026 - etablering av landbruksveg i Romådalen - Anders A Karlsen

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal klager på vedtak i sak 68/2026 Trollheimen landskapsvernområde - etablering av landbruksveg i Romådalen - Anders A Karlsen.

Det blei her gjeve dispensasjon for å bygge jordbruksveg (vegklasse 8) inn i Romådalen i verneområdet, om lag 600 m i luftlinje, høgare i lia enn den gamle seterstien som går opp til Haukarsteinen og så ned mot og vidare langs Romåa innover dalen.

Formålet med dispensasjonen er å legge til rette for å halde oppe og auke beitetrykket. Å halde oppe beitetrykket her er ønska og i tråd med forvaltningsplan og skjøtselsplanar.

Tiltakshavar hevder at den gamle seterstien er vanskeleg å nytte fordi den nokre strekningar går på svaberg nær elva, noko som dels gjer dyra skremde og får dei til å prøve å snu, noko som òg er farleg for dei som driv dyra, dels gir fare for at dyra kan skli i elva.

Det er utarbeidd skjøtselsplanar for fleire av setrane i dalen. Desse har tiltak som rydding og restaurering av beitemark og setervangar, slått og auka beite. Likevel nemner dei ikkje noko om trong for veg for å utføre desse tiltaka.

Forvaltningsplanen legg opp til ein restriktiv dispensasjonspraksis for driftsveger i samband med skogsdrift. Utover at planen refererer verneforskrifta IV 1.3 a) som seier at «(...) framføring av jordbruksveg (...) der det er naudsynt» kan få dispensasjon er det ingen andre retningslinjer for slike vegar.

Vegen det er gjeve dispensasjon for er ein ny type inngrep i verneområdet. Den vil ha vesentlege konsekvensar for landskapet og vil vesentleg endre karakteren til landskapet, jf. vernereglane 1.1. At eit inngrep er positivt for tiltak som byggjer opp under verneformålet, er ikkje det same som at inngrepet i seg sjølv er i tråd med verneformålet.

Etter Naturvernforbundet si meining er ikkje det at eit inngrep kan fremme verneformål og mål i skjøtselsplanar åleine nok til å seie at kravet om at eit inngrep er naudsynt og difor kan få

dispensasjon, oppfylt. I dette tilfellet meiner vi følgjande tre alternativ (fleir kan finnast) skulle ha vore greidd ut og forkasta som ikkje mogleg å gjennomføre, før ein kan byrje å vurdere at ein ny veg som det er gjeve dispensasjon for er naudsynt for å halde oppe eller auke beitepresset:

1. Å nytte ei storferase som er betre til å gå i terreng enn den som nå truleg er aktuell. Romådalen er ein gamal seter- og beitedal, det har ein gong vore meieri i dalen, men problema vart truleg først aktuelle då ein begynte å beite med dagens store og tunge storferasar. Særleg i eit verneområde er det ikkje sjølvsagt at ein skal tilpasse landskapet til tid og tilhøve i landbruksnæringa.
2. Utbetringar langs eksisterande sti slik at dyra kan gå trygt. Kan vere permanent eller opplegg for provisorisk gjerde mot elva der stien går nær.
3. Å rydde ein ny sti etter traseen det er gjeve dispensasjon for veg. Dette vil vere eit mindre inngrep og det er vanskeleg å sjå at det er naudsynt å køyre beitedyra lenger innover enn i dag. Dei aktuelle dyra har framleis fire bein. Ein sti vil vere eit mykje mindre inngrep enn vegen, og vil meir sannsynleg kunne bli akseptert.

Ut fra dette meiner Naturvernforbundet at dispensasjon til veg inn i Romådalen gjeve i sak 68/2026 ikkje fyller krava til at tiltaket er naudsynt. Det er dermed ikkje gyldig. Vi krev at vedtaket blir gjort om og at søknaden blir avslege.

Vi krev vidare at klagen får oppsetjande verknad.

Øystein Folden
Fylkessekretær
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Carl S. Bjurstedt
Naturvernforbundet i Trøndelag

Kopi:
Direktoratet for naturforvaltning